

Emnebeskrivelse RUS302 - forslag til endringer

Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning

nåværende tekst:

To doble timar kvar veke med kursbasert essayskriving og omsetjingsøvingar. Undervisninga omfattar skriftleg omsetjing norsk-russisk, teoretisk og praktisk oppøving i essayskriving på russisk, tekstlesing og munnlege øvingar.

forslag til endring:

20 dobbeltimar med kursbasert essayskriving og omsetjingsøvingar. Undervisninga omfattar skriftleg omsetjing norsk-russisk, teoretisk og praktisk oppøving i essayskriving på russisk, tekstlesing og munnlege øvingar.

Obligatorisk undervisningsaktivitet

nåværende:

Det er obligatorisk innlevering av 70% av omsetjingane, 8 av totalt 12, frå norsk til russisk, og av disposisjon og førsteutkast til heimeoppgåva (essayet). Dei obligatoriske arbeidskrava er gyldige i to semester utover inneverande semester.

forslag til endring:

Det er obligatorisk innlevering av 70% av omsetjingane, **7 av totalt 10**, frå norsk til russisk, og **ei heimeoppgåve (essay) på russisk på om lag 2000 ord, som skal leverast til fastsett frist**. Dei obligatoriske arbeidskrava er gyldige i to semester utover inneverande semester.

Spørsmål: *Er det ønskelig å legge til grammatiske øvelser (mot slutten av semesteret)?*

Vurderingsformer

nåværende tekst:

1) Skuleeksamen på seks timar med omsetjing frå norsk til russisk av ein tekst på omlag 300 ord.

2) Mappevurdering: Eksamensforma er ei mappe som inneheld ei oppgåve (essay) på russisk på om lag 2000 ord som skal leverast til fastsett frist. I tillegg skal alle studentar opp til ei tre timars intern prøve, der dei skal skriva eit essay på russisk på om lag 500 ord. På denne prøva kan ein nytta russisk-russisk ordbok. Mappa får ein samla karakter. Oppgåva tel 70% og prøva tel 30% av den samla karakteren.

Ved fastsetjing av endeleg karakter tel skuleeksamen i omsetjing 40% og mappe-vurderinga 60%.

Begge vurderingsdelane må vera greidd i same semester.

Eksamen blir arrangert berre i undervisningssemesteret.

forslag til endring:

1) Skuleeksamen på **åtte** timar med to oppgåver: **1) ei omsetjing frå norsk til russisk av ein tekst på omlag 300 ord og 2) eit essay på russisk på om lag 500 ord.**

På denne prøva kan ein nytta russisk-russisk ordbok. (?)

Ved samanrekning av samla karakter tel omsetjinga 40% og essayet 60%.

Eksamen blir arrangert berre i undervisningssemesteret.